



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 31/2014

Møtedato: 18.11.15

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

## Søknad om redusert betaling for elgjakta

Eivind Brenna, jaktleiar for elgjaktlaget i Jaslangen/Bukono skriv følgjande i brev datert 1.11.15:

*Søknad om redusert betaling for jakt og mindre kvoter i et terreng med lite elg.*

*Jaktlaget vårt har jaktet i Bukono/Jaslangen i 2014 og -15. Deler av laget har jaktet her for noen år siden og kjenner terrenget godt og husker godt tida med mye elg i terrenget. I år var det svært lite dyr her. Totalt har vi jaktet 18 dager i snitt 5 timer pr dag i snitt 4 jegere pr dag. Det vil si ca 400 timer og sett 15 dyr. Sannsynligvis er dette de samme 2-5 dyrene som er sett flere ganger.*

*Jaktlaget har bestått av 8 mann. Vi har brukt 4 hunder. Noen av hundene og noen av jegerne er «ferske», men de fleste er øvede. Vi har gått gjennom hele terrenget gang på gang. Som eksempel hadde vi 24.oktober i tillegg til 8 jegere med oss 4 frivillige og gikk gjennom lia fra Jaslangen til Nøsen uten at et eneste dyr ble lokalisert.*

*Det har vært svært lite dyr her. Det kan skyldes dårlige jegere og hunder, men ettersom vi har med øvede jegere og hunder så tror vi det må være andre grunner: 1. Naturlig svingning. 2. Stort jaktpress tidligere år. 3. Det tas ut mange dyr på vinterjakt i Hallingdal. 4. Mange dyr skades i trafikken i Hallingdal. 5. Andre årsaker.*

*Vi mener derfor at kvotene er satt for høyt og søker om:*

- 1. Redusert betaling for årets jakt.*
- 2. Reduserte kvoter i de to årene som er igjen av avtaleperioden.*

Søknad om redusert kvote og søknad om redusert pris er behandla i to separate saker .

Kvota for allmenningen har vorte redusert kraftig dei siste åra. I år var kvota på 16 dyr, men det vart berre felt fire dyr. Kvota er fordelt på fire jaktfelt. Eit felt har skote to dyr, to felt har skote eit dyr og det fjerde feltet har ikkje skote dyr. Fjellstyret har drøfta storleik på kvote og bestandsutvikling i elgstamma i eige sak.

Elgjakta blir leigd bort ved at jaktlaget betalar inn ei grunnavgift på førehand. Grunnavgifta er indeksregulert og er for 2015 på kr 3504 pr dyr. Ved felt dyr blir det betalt for pr kilo kjøtt og grunnavgifta blir trekt frå. Blir det ikkje felt dyr, er grunnavgifta betaling for retten til å jakte. Dette kan samanliknast med betaling for retten til å jakte på småvilt. For eit kort på orrfugljakt vart i år prisen kr 750 for 5 dagar frå jaktstart og eit sesongkort kr 1300. I Bukono-feltet er 8 jegerar og dette gir ein kostnad på 1752 kr/jeger for elgjakt frå 25.9-31.10. For kvar elgjeger. I dei fleste private område blir jaktretten leigd bort til ein fast sum og jegerane ber all økonomisk risiko. Ved manglande felling i statsallmenningen, vil betaling avgrense seg til grunnavgifta og faren for økonomiske tap for jegerane er redusert.

Det er ikkje venta at elgstamma skulle utvikle seg så dramatisk som det har gjort. Fjellstyret fekk heller ikkje etter jakta i 2014 nokon eintydige tilbakemeldingar frå jegerane om at kvota måtte reduserast sterkt. Etter kontrakt er jaktlaga pliktige til å betale grunnavgift for alle tildelte dyr.

I sak 39/2012 reduserte fjellstyret betaling for elgjakta. Bakgrunn for dette var lite dyr og problem med rein under jakta. Det vart den gongen presisert at det ikkje kunne påreknast slik reduksjon seinare. Med bakgrunn i dette vedtaket, innstiller administrasjonen på å avslå søknaden. Om fjellstyret ynskjer å redusere betaling for årets jakt, må dette vera som eit ekstra service til jegerane. Ingen av dei andre jaktlaga har søkt om å få redusert pris, men om fjellstyret ynskjer å redusere betalinga bør dette ev. gjelde for alle fire jaktlag.

## Framlegg til vedtak:

Fjellstyret avslår søknaden om redusert betaling for elgjakta.

## Vedtaket:

Fjellstyret avslår søknaden om redusert betaling for elgjakta.

Ragnhild Strømmen Strand var inhabil og deltok ikkje i behandling av saka.

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den19.11.15

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Elgjaktlaga